



Isdalstø Eiendom AS
Ove Raymond Foss

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/8482

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2015

Møtereferat fettutskiljar Eurospar Isdalstø, gbnr 185/113

Lindås kommune ved Teknisk drift kalla Isdalstø Eigedom AS inn til møte vedkommande status på utskiljaranlegg ved Eurospar Isdalstø. Møte vart halde på Rådhuset i Knarvik onsdag 15.04.2015. Frå Isdalstø Eiendom AS stilte Ove Raymond Foss. Teknisk drift var representert av Atle Dingen (Ass. Einingsleiar Teknisk drift), Arne Helgesen (avdelingsleiar VA) og Linda Folkestad (sakshandsamar Teknisk drift).

Bakgrunn for innkallingen er at Teknisk drift har problem med fett på offentleg leidningsnett og silanlegg i Isdalstø. Teknisk drift har i lenger tid måtte gjere tiltak for å få bukt med dette fettete. Teknisk drift har av innsendte tømmerapporter, årsrapport og temperaturlogg av anlegg ved Eurospar Isdalstø registrert at utskiljaranlegg er for liten i forhold til produksjonen ved verksemda. Utskiljaranlegg har for høg temperatur slik at fett frå produksjonen vert leia ut på offentleg leidningsnett og til silanlegg. Temperaturlogg indikerer at installert anlegg ikkje fungerer etter intensjonen.

Teknisk drift har i ei årrekke etterlyst dokumentasjon på anlegget og berekningsgrunnlag for val av storleik på anlegg. Teknisk drift har, per dags dato, ikkje motteke slik dokumentasjon. Anlegg som er installert ved Eurospar Isdalstø har mindre storleik enn det som er tillete i Lindås kommune, jf forskrift for fettutskiljar Lindås kommune.

Teknisk drift har, i møtet, bede om at forhold rundt utskiljaranlegg og produksjon vert utbetra slik at fett ikkje vert leia ut på kommunalt nett og til silanlegg. Truleg må det installerast fettutskiljar som er større enn dagens og i.h.t forskrift for fettutskiljar Lindås kommune. Uansett kva tiltak ein gjer, må utskiljar være dimensjonert ut i frå produksjon ved verksemda.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Arne Helgesen

Mottakarar:
Isdalstø Eiendom AS